

NOTAT

Korleis gjere «blå opplæring» i vidaregåande skule meir attraktivt?

Erfaringar frå synfaring og møte på Frøya Videregående skule, Sør-Trøndelag

Bakgrunn:

I *Verdiskapingsplanen* er det under Sjømatnæringane lagt opp til at vi i planperioden skal få plass ein undervisningskonesjon ved Måløy vidaregåande skule. Vi er no einaste «fiskerifylket» i landet som ikkje allereie har dette, etter at søknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune vart sendt til departementet for nær eitt år sidan.

I notatet frå «arbeidsgruppa for Sjømatnæringar» er det peika på trongen for ny og oppdatert skulebåt for å gjere studiet oppdatert i høve til dagens teknologi og utfordringar. Og ikkje minst for å gjere utdanningsvegen attraktiv for ungdomar. Dagens opplæringsfartøy «Skulebas» har gjennom fleire år vore vurdert å ha høge driftskostnader, og dårlegare økonomi hjå fylkeskommunen gjer at vi må opne for å sjå etter andre løysingar.

Koplinga mellom undervisningskonesjon og ny skulebåt

Ein konsesjon vil i utgangspunktet ikkje vedkomme opplæringsfartøyet direkte, men vi ser ei viktig og god økonomisk kopling mellom desse to initiativa:

Om vi greier å kopiere Sør-Trøndelag sin modell, vil inntekter frå opplæringskonesjonen i løpet av få år ha nedbetalt kostnadane for å bygge eit nytt opplæringsfartøy, og inntekter frå utleige dekker meir enn årlege driftsutgifter.

Opplæringsfartøyet vil også kunne bli ein del av grunnlaget for å tildele ein undervisningskonesjon til fylkeskommunen, då denne båten også kan nyttast til opplæring innan akvakultur.

Synfaring og møte på Frøya vidaregåande skule, Sør-Trøndelag

Den 15. og 16 september 2014 reise ein delegasjon til møte med Frøya vidaregåande skule og Sør-Trøndelag fylkeskommune. Desse var til stade under møtet*:

Frode Kupaen, styreleiar i «Skulebas»
Kristin Maurstad, utviklingsleiar Måløy vgs
John Heimvik, Måløy vgs
Lena Söderholm, NA
Sigurd Bjørge, Regionalavdelinga, Sør-Trøndelag
Bjørnar Johansen, rektor Frøya vgs
Asgeir Johansen, Frøya vgs.

*Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen var invitert med, men kunne ikkje stille

Kva har Frøya gjort som vi kan lære av?

Elevtal

For berre få år sidan var søkjartale til Frøya VGS å samanlikne med våre egne tal (sjå Fig.1)




Fig. 1: tal elevar på marine fag ved Frøya Videregående skole

Rektor Bjørnar Johansen kunne orientere oss om at dei i år hadde 38 søkjarar til naturbruk (Vg1), 23 stk. til Akvakultur (Vg2) og 12-14 søkjarar til Fiske og fangst (Vg2). Skulen har no fleire elevar på venteliste. Skulen er den einaste som gjev utdanning i akvakultur, og har elevar frå heile fylket. Karaktarsnittet på søkjarane er høgare enn nokon gang før.

Nytt opplæringsfartøy

I 2011 fekk dei sin nye skulebåt «Fru Inger». Denne er spesialdesigna for undervisning til alle «blå utdanningslaup» ved skulen, inkl. restaurant og matfag. Båten er basert på at ulike containrar vert montert på dekket avhengig av kva båten skal nyttast til, t.d. containermodul til snurrevad, line, akvakultur og også ein forskingscontainer som nyttast av Havforskningsinstituttet og andre FoU-institusjonar.

Båten kosta i overkant av 13 millionar kr. bidrag frå lokalt næringsliv (båten er bygd lokalt) har helde kostnadane nede. Dei to månadene skulen er stengt om sommaren vert båten leigd ut. Inntektene frå dette har vore over 1 mill. kroner, og dette dekker opplæringsfartøyet sine årlege driftskostnadar på om lag 750 000 kroner. Dei har så mange leigeinteressantar at dei no kan velje ut dei som har aktivitet som gjev minst slitasje på båten.

Kostnadane til båten er i sitt heile dekkja gjennom inntektene frå etablert undervisningskonsesjon.

Undervisningskonsesjon

Sør-Trøndelag fylkeskommune fekk i sin undervisningskonsesjon frå 2011 unntak frå kravet om at konsesjonen ikkje kan leigast ut. Dei valde bevisst å invitere dei tre største aktørane i fylket (Lerøy,

Marine Harvest Norway og SalMar til ein samarbeidsavtale), der desse leiger konsesjonen. Kvar får ansvar for konsesjonen i seks år (2 generasjonar med utsett av laks), og rekkefølga av bedrifter vart av gjort ved loddtrekning. Sør-Trøndelag har også, i motsetning til dei andre undervisningskonsesjonane i landet, etablert eit enkelt system (basert på offentlege, objektive tall frå Kontali Analyse AS for oppdrettsnæringa i heile landet) for å berekne inntektene frå undervisningskonsesjonen. Vidare har dei ein, for fylkeskommunen, særskild lukrativ fordeling av inntektene. Dei tre selskapa på si side har alt ansvar for drift (og eventuelt tap) på konsesjonen i tillegg til at dei forpliktar seg til å legge til rette for og gjennomføre undervisning og opplæring for elevane.

Alle avtaler mellom fylkeskommunen og selskapa var på plass før ein søkte departementet om konsesjonen.

Fond for inntektene frå undervisningskonsesjonen

Alle inntektene frå undervisningskonsesjonen går uavkorta til eit fond som vert forvalta av rektor på Frøya vgs. Fondet skal berre nyttast til vidareutvikling av dei «blå» utdanningsvegane ved skulen, og openheit og innsyn frå ålmenta om kva fondet sine midlar nyttast til, gjer at næringa følgjer med at «deira» pengar (overskot frå undervisningskonsesjonen) vert nytta i tråd med dette. Om fylkeskommunen skulle la seg freiste til å nytte deler av midlane til t.d. drift, vil næringsaktørane rask kunne trekke seg frå kontraktane med undervisningskonsesjon.

Partnerskapsavtaler

Frøya Videregående skole har som ein lekk i å styrke den «blå» utdanninga inngått partnerskapsavtar med universitet, høgskule- og FoU institusjonar. Deira hovudpartner er NTNU, men dei har også avtaler med Høgskulen i Sør-Trøndelag (HIST), Havforskningsinstituttet (HI), Veterinærhøgskulen (VH) og Veterinærinstituttet (VI). Desse organisasjonane nyttast både direkte inn i ordinær undervisning, men også til forskingsoppdrag. Desse bidreg til meir forskning i skulen sitt nærmiljø og dei nyttar elevane til innsamling av data (og elevane får og følgje vidare opparbeiding av data og resultat frå forsøka/undersøkingane). Då vi var på besøk var det i gang omlag 15 marine forskingsforsøk ved skulen! Berre HI var i gang med 8-10 forsøk der elevane var involverte. Erfaring frå FoU (og nettverket som følgjer med) vert slik ein del av elevane sin skulekvardag.

Eigen internasjonal strategi for Frøya Videregående skole

Skulen har ein internasjonal strategi kopla opp mot målet om å bli den beste skulen innan «blå utdanning». I denne samanheng har dei no særskild fokus på makroalgar (tang og tare) og dyrking og vidareforedling av dette. Tre kokkelærarar frå restaurant og matfag skal til Sør-Korea og lære korleis ein kan nytte algar i matlaginga. NTNU sitt på stor nasjonal (og internasjonal) kompetanse på makroalgar, så her ser skulen ein heilt klar synergi og moglegheit for tettare kopling enn i dag.

Avslutningsvis

Eit godt og konstruktivt samarbeide mellom vidaregåande skule og regionalavdelinga i Sør-Trøndelag fylkeskommune er framheva som ein av årsakene til suksessen ein har hatt så langt. Vilje og god arbeidsinnsats frå begge desse aktørane saman med stor interesse frå akvakulturnæringa har vore grunnlaget for utviklinga.

Tankar om vidare arbeid hausten 2014

- Vi får fritt tilgang til alle avtaler frå Sør-Trøndelag fylkeskommune og bør sette oss nærare inn i desse.
- Ei bedrift har på eige initiativ utarbeidd teikningar til nytt opplæringsfartøy. Om vi etter kvart ender med eit vedtak om nytt opplæringsfartøy må dette sjølvstøtt følgje regelverket for offentlege kjøp. Det er likevel fint å ta utgangspunkt i teikningar når ein skal einast om funksjonar med ny båt.
- To oppdrettsfirma har (etter avisoppslag i september) meldt si interesse for å delta med å få på plass ein ny båt til undervisningsføremål.
- Vi må starte med å gjere ei vurdering av kva oppdrettsselskap i fylket det vil vere ynskjeleg for Sogn og Fjordane fylkeskommune å samarbeide med. Næringsavdelinga og Måløy vidaregåande skule fortsetter den gode dialogen i dette arbeidet.
- Ein må få ein kontaktperson i Opplæringsavdelinga som kan følgje opp innspela i Verdiskapingsplanen, deriblant initiativ til undervisningskonsesjon og nytt opplæringsfartøy

Leikanger 22.09.2014 Lena Söderholm

